

Eiliv Skard

— Til minne —

I månadsskiftet september — oktober kom budskapet om at professor Eiliv Skard var gått bort, tre veker før han fylte sitt 80. år. Med han har norsk folkehøgskole mist ein nær ven, som særleg dei siste åra — etter at han vart meir frigjort frå sine plikter ved Universitetet - vigde mykje av si arbeidskraft til folkehøgskolen. Det han særleg gjekk inn for var å få folkehøgskolen til å

gjere idehistoria til eit sambindane emne med sikte på å gje elevane eit heilskapssyn. Hans utgangspunkt var for det fyrste at idehistoria, som hentar sitt stoff frå alle tider og mange område, kunst, religion, diktning, filosofi, politikk o.m., lærer elevane å kjenne dei grunnleggjande verdiane og ideane som dei kan byggja sitt liv på.

For det andre meinte han at i ei tid då totalitære statar reiser seg rundt omkring i vår verd, ligg det eit vern for vår fridom i dette at kvart menneske får kjennskap til og kjenner seg forplikta av vårt folks og Europas åndelege arv slik som den stig fram i histo-

ria. I det vesle særprentet, «Kulturens identitetskrise», som vi i august 1977 sende ut som helsing frå Eiliv Skard til folkehøgskolane, då dei ved inngangen til skoleåret 1977/78 sat og planla det nye skoleåret, heldt han vidare fram at historia skal lyfte kjennsgjerningane fram i dagen, lære oss å kjenne både dei mørke og ljose sider ved vår kultur, men framfor alt presentere for oss dei eineståande og umistelege verdiane vi har i det vi kallar humanitet og menneskeverd, fridom og demokrati.

Det er eit heilskapssyn med desse kjerneverdiane i sin midte ungdomen treng. Ungdomsopprøra i 1960-åra var, etter Eiliv Skards mening, ein revalte mot ein skule som ikkje har svar på vesentlege livsspørsmål. — Folkehøgskolen som skal vera skolen for livet, må difor gje historia godt rom i sitt undervisningsprogram, framfor alt idehistoria. Det var hans budskap til folkehøgskolen i sosiologiens tidsalder.

På det reinte praktiske plan byrja det med at vi våren 1973 fekk han til å ta eit seminar for 10-12 folkehøgskolelærarar. Desse tankar var tema for seminaret. Han heldt fram med lærarseminar på Vestlandet om hausten 1973, — med foredrag om historia og folkehøgskolen på rektormøtet i 1974 og elles på lærarmøte og skolar med foredrag om Platon, antikken, kristendomen, alt i høve til vår tid. På etterutdanningskurset 1975 i Rauland var han ein av hovudforeleserane, som gav oss det store perspektivet.

— Vi vart glade i denne mannen med det

FOLKEHØGSKOLEN

noble sinn og den djupe innsikt. I ei tekst som han la fram til drøfting og tolking på vårseminaret i 1973, eit hyllingsdikt frå tragediediktaren Euripides til filosofen Anaxagoras, står det nokre liner som eg tykkjer høver like godt på filosofen og mennesket Eiliv Skard:

«Lykkelig den som har viten
vunnet ved forskende virke.

I slike menn finner tanken
om lavhet og udåd aldri et hjem.»

Han var prega av edle omgangsfellar i den greske, romerske, kristne og europeiske ånds- og kulturverda, og kom vel difor til å stå så nær opp til det menneskelege idealet og menneskelivet som Grundtvig skildrar slik i diktet sitt: «Til mine børn» (1839), og som folkehøgskolen gjorde til ein av sine sentrale programsongar:

*Et jævnt og muntert, virksomt liv på jord,
som det jeg vilde ej med kongers bytte:
opklaret gang i ædle fædres spor,
med lige værdighed i borg og hytte,
med øjet som det skabtes, himmelvendt,
lysvågent for alt skønt og stort hernelden,
men med de dybe længsler vel bekendt,
kun fyldestgjort af glans fra evigheden.*

*Et sådant liv jeg ønsked al min æt,
og pønsed på med flid at forberede,
og når min sjæl blev af sin grublen træt,
den hviled sig ved «Fadervor» at bede.*

— Dette var mennesket og læraren Eiliv Skard slik eg gjennom venskap og samarbeid kom til å oppfatte han. Må minnet om han og tankane hans fylgja oss, og inspirere lærarar og oppsedarar i framtida!

Stein Fossgard

21-02-007